



Even Andreas Olsvoll
Gaustad 32
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1138 - 19/21549

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
25.10.2019

Svar på tilbakemelding på førehandsvarsel om tilknytning kommunalt vassverk - GBNR. 39/45

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vassverk datert 03.10.2019, med frist for tilbakemelding innan 18.10.2019. Kommunen har motteke tilbakemelding den 15.10.2019. I tilbakemeldinga informerar de kommunen om at de ikkje ønskjer tilkopling til offentleg vassanlegg. Grunngevinga dykker er at utgiftane til tilkopling vil bli ei uforholdsmessig stor kostnad.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal tilkoplast til ein offentleg vassleidning, «(N)år offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal». Vil dette etter kommunens skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad, eller særlege hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning». Dette inneber at plikta til å knytta seg til offentleg vassleidning følgjer direkte av lova når leidningen går over eigedomen eller over veg som støter til den, eller over nærliggjande areal.

Reglane om tilknytingsplikt i pbl. kapittel 27 skal sikre forsvarlege tilgang til tilstekteleg drikkevatt. Reglane rettar seg både mot nybygg og eksisterande busetnad.

Kommunestyret i Meland har i vedtak datert 23.01.2008 lagt til grunn at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200 m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkopling.

For at kommunen skal kunna ta stilling til søknaden dykkar om fritak frå tilkopling, må me få tilsendt dokumentasjon på kva arbeidet vil koste. Anleggskostnadane for tilkopling må dokumenterast i form av eit tilbod frå ei eller to autoriserte røyrleggjarverksemder. Eventuelt andre verksemder som driv med grøfting, dersom røyrleggjarverksemda ikkje kan gje pris på graving i tillegg. Kostnadane for tilkoplinga vil vere summen av alle utgiftane for å få lagt leidning fram til dykkar bustad.

Kommunen sine kart visar ein avstand på om lag 109 m frå tilkoplingspunktet til den kommunale hovudleidningen og fram til dykkar eigedom. Men dersom de kontaktar nabo med GBNR. 39/27, Rune Gaustad, med førespurnad om å få koplare til via hans leidning, er avstanden kortere. Kostnaden med

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

tilknytning vil då bli adskilleg rimeligare. Tilkopling til det kommunale anlegget via ein privat leidning, er godkjend av kommunen, så sant den private leidningen har kapasitet. Ein privat avtale må ligge til grunn.

Frist for tilbakemelding om det er mogleg å få i stand ein avtale med nabo Rune Guastad, evt. dokumentasjon frå røyrleggjar på kostnad ved tilknytning til offentleg vassverk via tilkoplingspunktet til den kommunale leidningen blir sett til **31.03.2020**.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilknytingspunkt GBNR. 39-27 og 39-45

Mottakere:

Even Andreas Olsvoll
Renate Kristin Danielsen

Gaustad 32
Gaustad 32

5919
5919

FREKHAUG
FREKHAUG